



Rapport frå inspeksjon ved Djupavik reinseanlegg nr. 2010.071

Namn på verksemda:	Stord kommune	Arkivkode:	2010/32688-472
Adressa til verksemda:	Rundehaugen 45 5412 Stord	Anleggsnr.:	1221.0025.06
Organisasjonsnr.:	939866914	Sist tilsyn:	
Utsleppsløyve av:	01.02.1995	Tidsrom for inspeksjonen:	21.10.2010
Til stades frå verksemda:	Sivert Håland Arnstein Hetlesæter Kathrin Løbø Erik Kallestadbakken Elin Katrine Dahle Andersen	Til stades frå Fylkesmannen:	Silje Tingstad Britt Solheim

Rapporten inneheld :

Rapporten skildrar avvik som vart funne innanfor område ytre miljø.

Hovudkonklusjon

Under inspeksjonen vart følgjande avvik funne:

1. Anleggseigar har ikkje gjort tilstrekkelege førebuingar for å tilpasse avløpsanlegget til framtidige klimaendringar.
2. Overløp av ureinsa avløpsvatn blir ikkje talfesta.
3. Avløpsleidingar blir ikkje haldt ved like og fornya i tilstrekkeleg omfang.
4. Kontroll med og oppfylling av reinsekrav for utslepp til vatn blir ikkje stetta.

Frist for å rette avvika er sett til 1. februar 2011.

Godkjent dato:

15 NOV 2010


Kjell Kvingedal
seksjonssjef

Utarbeidd dato :

11 NOV 2010


Britt Solheim
overingeniør

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter ein inspeksjon ved Djupevik reinseanlegg den 21. oktober 2010. Inspeksjonen er ein del av ein landsomfattande aksjon som blir gjennomført i samarbeid med Klima- og forureiningsdirektoratet med kontroll av avløpsanlegg i større tettstader. Fylkesmannen har gjennomført kontrollen for å sjå til at avløpsanlegget blir drive i tråd med gjeldande krav. Rapporten skildrar eventuelle avvik og merknader som vart funne under kontrollen. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar på eit avvik og ein merknad er slik:

AVVIK blir definert som brot på vilkår gitt i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter.

MERKNAD er eit tilhøve som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er rett å peike på for å ivareta og forbetre det ytre miljø.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og blir lagt ut på vår nettstad <http://www.fylkesmannen.no/hordaland>.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for inspeksjonen var:

- forureiningslova § 7 første og andre ledd
- forureiningsforskrifta kapittel 11 og 14
- internkontrollforskrifta
- verksemda sin eigen dokumentasjon som vart lagt fram ved inspeksjonen

3. Omfang

Følgjande område vart dekt under inspeksjonen:

- internkontroll med hovudvekt på avvikshandtering og risikovurdering
- klimatilpassing
- overløp av ureinsa avløpsvatn
- avløpsleidningar
- styring og drift av avløpsreinseanlegg
- reinsekrav til anlegget
- oppfyljing av reinsekrava

Fylkesmannen har under inspeksjonen ikkje vurdert andre tilhøve ved verksemda.

4. Avvik

Avvik 1

Anleggseigar har ikkje gjort tilstrekkelege førebuingar for å tilpasse avløpsanlegget til framtidige klimaendringar.

Avvik frå:

Forureiningsforskrifta § 14-10

Forskrift om internkontroll § 5 punkt 7

Kommentar

Kommunane skal leggje inn klimaomsyn på alle nivå i planar om avløpsanlegg for å verne innbyggjarar, miljø og infrastruktur. Stord kommune har ikkje gjennomført følgjande punkt som omhandlar klimatilpassing:

- Kommunen har ikkje undersøkt korleis regionen vil bli påverka med omsyn til framtidige klimaendringar.
- Det er ikkje gjort vurderingar eller utrekningar av kva slags konsekvensar og verknader forventa framtidige nedbørsmengder vil ha på avløpsnett. (Nedbørspregosar er ikkje omsett til verknader på avløpsnett ved modellutrekningar eller ved andre vurderingar).
- Det er ikkje gjennomført tiltak eller vedteke planar for å hindre at overvatn kjem inn på avløpsnett.
- Det er ikkje gjennomført tiltak eller gjort vedtak om konkrete tiltak på nett for å handtere framtidige vassmengder.

Avvik 2

Overløp av ureinsa avløpsvatn blir ikkje talfesta.

Avvik frå:

Forureiningsforskrifta § 14-5

Kommentar

- Forureiningsutslepp av ureinsa vatn via alle overløp blir ikkje talfesta enten ved utsleppsmålingar, modellering eller anna utrekning.

Avvik 3

Avløpsleidingar blir ikkje haldt ved like og fornya i tilstrekkeleg omfang.

Avvik frå:

Forureiningsforskrifta § 14-5

Forskrift om internkontroll § 5 andre ledd punkt 4

Forskrift om internkontroll § 5 andre ledd punkt 7

Kommentar

Kommunen held ikkje avløpsleidingar ved like på ein tfredsstillande måte. Fylkesmannen har registrert følgjande:

- Saneringsplan for leidningsnett er ikkje oppdatert etter 2005.
- Leidningsnettet forfell raskare enn kommunen fornyar.

Avvik 4

Kontroll med og oppfyljing av reinsekraft for utslepp til vatn blir ikkje stetta.

Avvik frå:

Forureiningsforskrifta § 14-2, jf. §§14-8 og 14-7

Kommentar

Reinsekrafta vart overskride i 2009. Forureiningsforskrifta § 14-17 *Forholdet til eksisterande tillatelse*, slår fast at forskrifta sine krav gjeld. Dette gjeld også forskrifta sine krav til reinsing når reinsekrafta i eksisterande løyve er lempelegare enn krafta i forskrifta.

Reinsekraftet til Djupavik reinseanlegg er sekundæreinsing. Fylkesmannen kan fastsetje krav til mindre omfattande reinsing for utslepp i mindre følsamt område på vilkår. Stord kommune har sendt inn søknad om å nytte primæreinsing i staden for sekundæreinsing.

Fylkesmannen kan utsetje fristen for å etterkome reinsekrafta til seinast 31. desember 2015. Dette vil eventuelt bli gjort i samband med handsaminga av unntak frå reinsekraftet.

5. Andre tilhøve

Kommunen har ikkje bestemt kva for avløpsanlegg som skal sanerast, eller kva for anlegg som skal vidareførast i tettstaden. Alle avløpsanlegg som er større enn 50 pe i tettstaden høyrer inn under kapittel 14 i forureiningsforskrifta. Det vil sei at alle desse anlegga i dag har krav til sekundæreinsing.

Stord kommune tek ikkje prøver verken av tilført avløpsvatn eller av reinsa avløpsvatn for nokon av reinseanlegga i tettstaden. Kommunen har fått utsett frist for akkreditert prøvetaking, men ikkje lenger enn til 31. desember 2015. Dersom det er avløpsanlegg som skal vidareførast slik dei står i dag, må akkrediteringsprosessen for desse anlegga starte så snart som mogeleg.